

PROSJEKTPLAN 2MK1 | MUSIKALEN 2020

Askeladden.dotcom

6. januar - 5. mars 2020 (veke 2 - veke 10)



* Bilete frå MUSIKALEN 2019 - Back to the Future - for the World's Sake (Foto: Åge André Breivik)

«Ambisjonane er å gi god og spanande informasjon til lokalsamfunnet, bidra til å gi publikum ei kjempeoppleving, og gi dei involverte eit minne for livet»

Prosjektskildring

Kvart år arrangerer Volda vidaregåande skule ei storstilt musikalframsyning. I år er både *Musikk, dans og drama (MU)*, *Medium og kommunikasjon (MK)* og *Kunst, design og arkitektur (KDA)* involvert. Prosjektet har høg prestisje med store forventningar, og gir eit stort utbyte både fagleg og sosialt. Medielinja sin jobb er å produsere ei rekkje medieprodukt gjennom ulike mediekanelar både før, under og etter musikalen.

Organisering og oppgåver

De vert delt inn i ulike grupper med definerte hovudoppgåver. Alle må likevel vere fleksible i si rolle og vere budde på å steppe inn for andre ved sjukdom/fråvær og eventuelle ekstraoppdrag, eller dersom ein ser behov for ei endring av ressursbruken (der *ressurs* = kvar enkelt elev). Tabellen nedanfor er ei grovinndeling veke for veke. Endringar *kan og vil* nok skje undervegs.

	veke 2	veke 3	veke 4	veke 5	veke 6	veke 7
Sofie	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Fleirkamera	Fleirkamera
William	Foto	Foto	Foto	Foto	Fleirkamera	Fleirkamera
Benedicte	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Mediered.
Andreas	Foto	Foto	Foto	Foto	Fleirkamera	Fleirkamera
Selma	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Mediered.	Mediered.
Eirin	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk
Jay	Grafisk	Grafisk	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Mediered.
Victoria	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm
Rebekka	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm	Dokfilm
Ana	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk
Robin	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Fleirkamera	Fleirkamera
Andrea	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Foto	Foto	Foto
Rebecca	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Foto	Foto	Foto
Sondre	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Mediered.	Mediered.	Mediered.
Ina	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Grafisk	Mediered.	Mediered.
Mona	Foto	Foto	Foto	Mediered.	Mediered.	Foto
Sigurd	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Mediered.	Fleirkamera	Fleirkamera

NB!

- Kvar gruppe skal til ei kvar tid ha ein fungerande gruppeleiar og nestleiar.
- Alle **skal** på eit tidspunkt i prosjektet bidra med innhald til medieredaksjonen.

Timeplanen

I eit slikt dynamisk prosjekt vil også den reelle timeplanen verte meir eller mindre dynamisk. Alle elevar pliktar difor å følgje med på **itslearning** og **Teams** kvar dag, både ved skulestart og -slutt (minst). Somme må også bu seg på å arbeide ein del utanfor skuletida. **Ein regel gjeld uansett for alle:** De skal alltid møte til fastsett undervisningstime for fråværsføring, om ikkje anna er avtala på førehand!

De må også respektere at andre fag skal gå sin gang (med unntak av sjølve musikalveka). **Vi har ikkje høve til å gi dykk fritak i andre fag.** Er det heilt spesielle oppgåver de må utføre i andre timar, så må de sjølve gjere avtale med aktuell faglærer og ta konsekvensen av undervisning du eventuelt går glipp av. Dersom du kan gjere ein avtale med faglærer om å utføre tapt arbeid heime, så unngår du kanskje å svekkje vurderingsgrunnlaget i faget (men fysisk fråvær er fysisk fråvær uansett).

Grov vekeoversikt

Milepåleplan (M-plan) og publiseringsplan (P-plan) er til ei kvar tid styrande. "Overtidsjobbing" (øvingshelger, musikalveka) vil me også freiste å lage konkrete planar for.

VEKE 2	Oppstart, idéutvikling, planlegging. KDA oppteken med prøveeksamen onsdag. Fagdag i Bilete/Grafisk design fredag. Kulisse møte m/regissør og produsent fredag.
VEKE 3	KDA med i 5. og 6. timen måndag. Fagdag i Norsk fredag (tverrfagleg opplegg med Mediesamfunnet). Øvingshelg laurdag/søndag.
VEKE 4	Fredag: B-fredag (8 t), fotoshoot.
VEKE 5	Fredag: Fagdag i Matematikk (for dei det gjeld)
VEKE 6	Full dag fredag (kanskje også onsdag og/eller torsdag). Rigging og øvingshelg laurdag/søndag.
VEKE 7	Musikalveka (fritak frå fellesfag, all undervisning vert på kulturhuset i Ørsta)
VEKE 8	(VELFORTENT) VINTERFERIE
VEKE 9	Tilbakebetaling av timar til fellesfag. Trekk av produkt til munnleg presentasjon.
VEKE 10	Måndag og onsdag: førebuing/repetisjon (leia av PPU-studentane). Torsdag: Munnlege presentasjonar (15-20 min pr. elev).

Dokumentasjon

- **Dagsplan***
 - Kvar gruppe skal skrive dagsplan kvar (aktuelle) dag på gruppa sin kanal i *Teams*. Viktige milepålar skal i tillegg leggast inn i felles milepåleplan (M-plan). Oppgåva kan rullerast innad i gruppa, men gruppeleiar er ansvarleg for at det vert gjort.
Deadline: Innan 15 minutt fyrste timen den aktuelle dagen.
- **Logg***
 - Kvar elev skal skrive logg kvar (aktuelle) dag i kanalen **Logg** i *Teams*.
Deadline: Innan midnatt den aktuelle dagen.
- **Refleksjonsnotat***
 - Kvar elev skal skrive individuelt refleksjonsnotat kvar veke. Notatet skal skrivast som eitt samanhengande dokument i privat kanal i *Teams*.
Deadline: Søndagar innan midnatt.
- **Eigenvurdering**
 - Kvar elev skal levere individuell eigenvurdering etter vinterferien (som PDF i innleveringsmappe på itslearning).
Deadline: Søndag 8. mars kl. 23.59.

* Gjeld veke 2 - 6

Vurdering

Torsdag 5. mars vert det munnlege presentasjonar, i tråd med slik vi organiserer eksamen/prøveeksamen. Her skal de ha ein fagleg samtale med “eksaminator” og “sensor” (ein lærar og ein PPU-student) omkring saka de har laga til nettsida + eit vilkårleg musikalprodukt (sistnemnde skal de trekke ut frå nokre produkt me lærarane har valt ut).

Prosjektet vert vurdert med éin karakter i *Medieuttrykk*. Denne vil vere basert på følgjande vurderingskriterium:

- prosess/dokumentasjon (innsats, haldning, samarbeid og logg)
- kunnskap/refleksjon (munnleg presentasjon, eigenprodusert sak til nettsida, refleksjonsnotat og eigenvurdering)

Det vil i tillegg bli eit tverrfagleg opplegg mellom *Mediesamfunnet* og *Norsk*, som vert vurdert separat. *Valfaga Bilete* og *Grafisk design* vert også vurdert separat (ved at produkt de har laga under musikalen kan brukast som vurderingsgrunnlag i etterkant av musikalprosjektet).

Generelle retningslinjer

Det er svært mange deltakarar i dette prosjektet: 17 medieelevar fordelt på ulike grupper, fire lærarar og tre praksisstudentar, i tillegg til elevar og lærarar på både musikklinja og KDA. For ikkje å snakke om tusenvis av publikummarar og mottakarar både fjernt og nært som skal sjå og lese og høyre om musikalen!

I eit slikt prosjekt er difor innsats, haldning og samarbeid – og ikkje minst god kommunikasjon – svært viktig.

For at det skal verte framdrift og flyt i prosjektet er det viktig at alle til ei kvar tid veit kva dei skal/bør vite og gjere. Ei grundig prosjektanalyse, kartlegging av kompetanse ein sit inne med og kompetanse ein må tileigne seg, oversiktlege planar, fornuftig arbeidsfordeling osv. er ein svært viktig føresetnad for ei god prosjektgjennomføring. Dagsplanar og loggar er også heilt essensielt for at prosjektet skal vere så gjennomsiiktig, oversiktlege og lærerikt som råd, og er difor eit naudsynt arbeidskrav. Samstundes er dei individuelle refleksjonsnotata og eigenvurderinga viktig for at erfaringane dykkar skal setje seg, samstundes som dei utgjør ein viktig del av vurderingsgrunnlaget.

Det er inga orsaking at eit gruppe medlem er borte, og at den/dei andre på gruppa difor ikkje kan gjere noko! Å samle viktige papir i ein gruppeperm og viktige filer på Google Disk er difor viktig. Alt fråvær skal dessutan klargjerast med lærar, helst i førekant.

Alle har eit felles ansvar for å kome i mål med prosjektet, og må difor vere innstilt på å assistere/vere bidragsytarar på andre grupper enn dykkar eigne (låne, og låne vekk gruppe medlemmar). Opplever de «daudtid» pliktar de difor å seie frå til prosjektleiar og/eller faglærar.

Orden og åtfærd vil verte kontinuerleg observert av faglærarane. Dette gjeld også i kontakt med musikkelevar og -lærarar. Vi har tidlegare fått kritikk for at for mange «utanforståande» elevar vankar på musikklinja sine øvingar eller på anna vis forstyrrar deira prosjektgjennomføring. I slike høve vil merknadar vanke for elevar som forstyrrar eller oppheld seg på stadar der dei ikkje har noko å gjere.

Alt utstyr skal til ei kvar tid vere ein status på! Alle pliktar å følgje retningslinjer/reglar for lån av utstyr. Ta omsyn til lån og reservering når de lagar/bearbeider tidsplanar.

Hugs:

«Nobody's perfect, but a team can be!»

Lukke til!

Mvh Håvard, Åge André, Jorid og Ståle